Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 43 | Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Austrheim

Emne: Til lækdom og vern mot sykdom | Bygdelag: Austrheim

Oppskr. av: Lars Anton Solheim | Gard: Synnevåg

(adresse): Synnevåg | G.nr. | Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

For kring 40-50 år sidan var det brukt ringar til vern mot gikdomar. Det var mest gikt som desse ringane skulle verna mot. Ringane var mest av messing og var glatte.

Desse ringane vart mest kjøpt av tater som reiste så mykje kring om på gardane i den tid. Tatrane bytte dei til seg for ull. Desse ringane vart kalla for giktringar.

Større opne metallringar kan ingen hugsa no.

Elles kan eg hugsa ei gamal kone som bruka elektriske belte mot gikt. Desse belta fekk ein gjennom avertissement i avisen.

Elektriske belte var samansette av små koparplate med foring utanpå. I foringa skulle det vera hundevull. Ein gamal mann fortel også ei gamal kone. Dersom ho hadde levd til no så hadde ho vore 150 år.

Ho gjekk alltid med eit belte kring

9958

livet.
Dette beltet var laga av kors lagde koparplater. Eit slikt belte var kalla for boltakors. Og det skulle hjelpa for gikt og andre sjukdomar.
Ein annan fortel om ein mann som var så plaga av gikt, og han låg på pokker om natta og det skulle vera lei god hjelp.
Elles døyr dei gamle ut no, så det er ikkje så godt å få greie på så mykje.

9958

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING